



Blir bank-kontoret i Uskedalen lagt ned? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det blir ikkje nedleggjing av bank-kontoret i Uskedalen med det aller første. Kva som skal skje med Sparebank1 Kvinnherad sitt ekspedisjonskontor her i bygda vil bli vurdert i samanheng med korleis kontant- og betalingsformidlinga skal leggjast opp i heile bankens område i framtida.**

Det opplyser adm. banksjef Åsmund Kåre Rørvik til uskedalen.no i samband med vedvarande rykte om at det truleg går mot ei nedleggjing av kontoret, som har ein tilsett.



Adm. banksjef Åsmund Kåre Rørvik: - Også vi vurderar "Bank i butikk".

Rørvik viser som eit utgangspunkt til satsinga til DnB NOR på "Bank i butikk", som også omfattar SPAR i Uskedalen.

- Vi må naturleg nok vurderer det konkurrentane våre gjer og eventuelt leggja opp tiltak utifrå det. "Bank i butikk" i DnB NOR sin regi har gjort at vi no ser på dei same løysingane. Men førebels er vi berre på vurderingsstadiet og fleire ting må falla på plass før vi tek ei avgjerd, seier Rørvik.

- Kva for konsekvensar vil ei innføring av "Bank i butikk" få for det noverande kontornettet til banken?  
 - Det er naturleg at vi ein slik situasjon vurderer heile kontant- og betalingsformidlinga frå Stord til Odda. Ei grundig total-vudering må liggja på bordet før vi tek ei avgjerd og då eventuelt også gjer noko med det eksisterande kontor-nettet.

- Når vil det nye mønsteret vera klart?  
 - Eg antar at utgreiinga vil vera gjennomført og saka klar for avgjerd i løpet av 2008, svarar banksjefen.

Banken har såkalla ekspedisjonskontor i Uskedalen, på Varaldsøy og i Ølve. Totalt har den kontor 7 stader i Kvinnherad, Odda og Stord.

Men hva er 'Bank i butikk'? Det er eit samarbeid mellom DnB NOR, NorgesGruppen og Postbanken som er tilgjengeleg i opningstida til butikkane. Det omfattar tenester som uttak, innskudd, betaling av rekningar og saldo-sjekking. Kundane treng berre bankkort og PIN-kode for å nytte tenestene.

Av Ola Matti Mathisen